



Jobbnorge-ID: 97022

Søknadsfrist: Avsluttet

Nettside:

Omfang:

Varighet:

Overingeniør/avdelingsingeniør - mellombels stilling

Ved Institutt for geovitenskap (<http://www.uib.no/geo>) er det ledig ei 100 % stilling som overingeniør for 2 år innan geokjemisk preparering for snarleg tilsetjing med utsikt for forlenging. Dersom det ikkje melder seg kvalifiserte søkjarar til stillinga som overingeniør, kan det bli aktuelt å tilsetje i stilling som avdelingsingeniør. Krav til kvalifikasjonar og praksis vert då redusert.

Stillinga som overingeniør inngår i ei teknisk gruppe (lab) som hjelper forskinga ved instituttet. Forskinga ved instituttet dekkjer eit breitt fagfelt innan geovitenskap. Den som vert tilsett skal arbeide på det nyoppretta *Prepareringslaboratoriet for in situ kosmogene nuklidar (Kosmolab)*, og må derfor ikkje vere allergisk mot kjemikaliar. Her preparerast steinprøver for akselerator massespektrometeranalyse (AMS-analyse), og desse analysane brukast til dømes til å bestemme kor lenge steinflatar har vore isfrie sidan siste istid eller kor gammalt eit steinras er.

Aktuelle arbeidsoppgåver:

- Mineralseparasjon (kjemiske og fysiske teknikkar) og elementanalyse.
- Arbeid med sterke syrer, inkludert flussyre.
- Ekstrahere *in situ* kosmogen Be og Al frå kvarts.
- Preparere prøver for prosjekt og oppdragsverksemd.
- Metodeutvikling og dokumentering, ROS-analyse, samt i utarbeiding av HMS-rutinar for handtering av avfall (rutinar) og søl (uhell/ulykke).
- Vedlikehald av laboratorietstyr, oppdatering av kjemikalieregister, utføring av innkjøp.
- Opplæring og vegleiing av MSc-studentar, Phd-kandidatar og gjesteforskarar.
- Arbeidsoppgåvene i stillinga kan bli endra ved behov.

Kvalifikasjonar:

- Søkjarar må ha realfagsutdanning på sivilingeniør/mastergradsnivå innan relevant område.
- Dokumentert god teknisk innsikt og erfaring med kjemi.
- Det er ønskeleg med erfaring innan ICP-analysar og HMS-arbeid.

Personlege eigenskapar:

- Evne til å løyse tekniske utfordringar
- Evne til å setje seg inn i nye kjemiske prosedyrar
- Evne til vise initiativ og vere fleksibel
- Evne til å arbeide sjølvstendig og som del av eit team
- Evne til å vere løysings- og resultatorientert
- Svært gode samarbeidsevner

Språk - både skriftleg og munnleg:

Norsk og/eller engelsk

Personlege eigenskapar vil bli tillagt stor vekt.

Løn etter lønnssteg 52-60 (overingeniør i kode 1087), ev. lønnssteg 40-50 (avdelingsingeniør i kode 1085/LR 22.3-8) avhengig av tenesteansiennitet og kvalifikasjonar. For særleg kvalifiserte søkjarar kan vi vurdere høgare løn.

Utfyllande opplysningar om stillinga kan ein få ved å vende seg til: administrasjonssjef Terje Erstad tlf. 55 58 33 00/e-post terje.erstad@geo.uib.no, Ole Tumyr tlf. 55 58 33 87, eller Henriette Linge mob. 41 33 79 95.

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i befolkninga. Det er difor eit personalpolitisk mål å få ei balansert alders- og kjønssamansetjing og rekruttere personar med innvandrarbakgrunn. Personar med innvandrarbakgrunn vert oppmoda om å søkje stillinga.

Opplysningar om søkjaren kan bli gjort offentlege sjølv om søkjaren har oppmoda om ikkje å bli ført på søkjarlista. Dersom oppmodinga ikkje blir teken til følge, skal søkjaren varslast om dette.

Den som vert tilsett må rette seg etter dei retningslinene som til kvar tid gjeld for stillinga.

Send søknad, CV, kopi av vitnemål og attestar elektronisk ved å klikke på knappen merkt "SØK STILLINGEN" på denne sida. Søknader sende på e-post vil ikkje verte vurderte. Søknaden skal innehalde namn og kontaktinformasjon til minst to referansar.

Søknadsfrist: 27. oktober 2013

Søknaden skal merkast: 2013/10185

Tilleggsinformasjon

Arbeidssted: